



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjebø, 01.03.2016

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 01.03. 2016 kl. 19:00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Jarle Berge, Runar Matsui-Li, Sturla Bell Fossen, Lisbeth Haugsbø, Borgny Birkeland, Anne Lise Ljotebø og Stine Iren Røyseth.

Meldt forfall: Leif Arne Fureli og Erlend Andre Høyvik Haugsbø.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Eldrerådet

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknadar.

Sidan Røyseth måtte gå frå møtet ca: kl 20:00 vart vedtakssakene handsama i rekkefylgja: 6, 9, 5, 7, og 8.

Meldingssaker

000005 Soknepresten har ordet.

Presten las teksten for komande sundag, og delte nokre tankar rundt denne med oss.

000006 Soknerådskurset i Førde.

Digranes, Aarset og Fossen deltok frå vårt sokneråd. Tema for kurset var oppgåvene for dei ulike kyrkjelege organa. Dette var nyttig informasjon, men lite nytt i høve til det vår lokale opplæring hadde hatt som tema. Kyrkjelydane si mottaking av dei mange nye flyktningane var og eit tema denne kurskvelden.

000007 Gudstenesteplan 2. halvår 2016

Presten lagar eit framlegg der evt. føringar frå bispen er innarbeidde, innan soknerådet sitt neste møte i april.

000008 Trusopplæringsmedarbeidarar

Stine Iren Røyseth og Audun Digranes har sagt ja til oppgåva. Soknerådsleiaren spør ein person til.

000009 Orgelprosjektet i Kyrkjebø kyrkje

Kontrakta er underskriven og første avdrag er betalt. Orgelet vil koste ca: 1,5 millionar, ferdigstilt i 2017. Høyanger kommune har løyvt 1,5 mill., og dette er nær på fullfinansiering med dagens valutakursar. Ei evt. restfinansiering må løysast i form av offer, kronerulling el. l. Dette er evt. Fellesrådet sitt ansvar.

000010 Helgestunder

Bladet vert sendt til trykkeriet fredag 4. mars.

000011 Ymse

Kyrkjejubilèet i 2019 må opp som eiga sak på eit soknerådsmøte om ikkje altfor lenge pga førebuingstida. Irene Aarseth har funne ein gamal messehaket i Kyrkjebø kyrkje. Denne treng vøling. Dette vert å setje opp som eiga sak på eit seinare møte i soknerådet.

Vedtaksaker:

Sak 006/16 PLANLEGGING ÅRSMØTE 2016 (Dok: 02/00002-016)

Årsmøtet i kyrkjelyden er fastsett til søndag 06. mars 2016 i Vadheim Bedehus ca: kl 18:00. Kunngjering er gjort ved plakatar og oppslag vil verta sett opp på Kyrkjebø. (Ansvar: **Irene Aa.**). Audun Digranes leiår møtet. Saklista er gjennomgang og godkjenning av årsmeldingar og rekneskap. **Borgny Birkeland og Anne Irene Ølmheim** syter for serveringa.

Sak 009/16 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2015 (Dok: 16/00002-001)

Leiaren sitt framlegg til årsmelding vart gjennomgått og møtet gjorde nokre mindre endringar. Samrøystes tilrådd for godkjenning i årsmøtet.

Sak 005/16 PLANLEGGING AV FASTEAKSJONEN 2016 (Dok: 16/00003-001)

Fasteaksjonen vert fastsett til tysdag 15.03.16 i tidsrommet 17:00 – 19:00. Dette gjeld også Høyanger sokn. Det er konfirmantane i Vadheim og Kyrkjebø som er bøsseberarar, i alt 12 eller evt. 13. stk. Dette er lite, så presten må snarast avklare kor mange foreldre/føresette som kan vere med som sjåførar.

Audun Digranes teiknar innsamlingsroder på kart som presten allereide har frå tidlegare. Irene Aarseth skaffar bøssene på plass, og desse stiller som hjelparar for konfirmantane/innsamlarane: På Kyrkjebø: **Irene Aa., Lisbeth H H. og Jarle B.** I Vadheim: **Borgny B., Leif Arne F. og (Audun D.)**

Sak 007/16 DUGNAD PÅ GRAVPLASSANE I 2016 (Dok: 11/00009-005)

Kyrkjegardane bør vere rydda og stelte før konfirmasjonane og helgedagane i mai. Dugnad på baa kyrkjegardane vert fastsett til: tysdag 26.04. frå kl 17:00 og utover kvelden. Invitasjon til dugnaden v/oppslag (ansvar: **Audun**) og kunngjering i gudstenestene (ansvar: **Irene**). Ansvarlege for organisering av arbeidet på Kyrkjebø: **Audun, Irene og Sturla.** Ansvarlege for organisering av arbeidet i Vadheim: **Borgny og Leif Arne.**

Sak 008/16 GODKJENNING AV REKNESKAP 2015 (Dok: 16/00001-001)

Rekneskapan vert samrøystes tilrådd for godkjenning i årsmøtet slik den føreligg.

Møtet slutt kl 21:00.

Sturla Bell Fossen
skrivar